

Søknad om fri kalveskyting 2023

Viser til utsendt brev til alle jaktvald om mogleghet til å søkje om fri kalveskyting for jakt sesong 2023.

Jaktvald Hamre-Eikeland-Skår-Kvamme 4630V0006 ønskjer å søkje om dette.

Viser til dei siste års fellingsprosent på 100% og og i tillegg innmeldt data på Sett og Skutt.

Me har dei siste åra hatt ei stor aukning av hjort i vårt område. Dette viser godt på slåttemark og dei aktive bøndene får kraftig redusert grasavlingane sine.

For å redusera beitetrykket ønskjer me derfor å ha moglegheten å felle fleire kalvar.

Det er i tillegg registrert fleire påkjørslar her i området siste åra.

Me grensar til valdet Sandalen-Bleikli. Her har dei sett same auke som oss, og desse søkte om redusert minsteareal og fekk innvilga dette i fjor.

Me meiner derfor at me oppfyller fleire av kriteria for å få innvilga kalveskyting.

Mvh Sebastian Reigstad

Valdansvarleg